

No 117 ¹ Tone: Kor mykje stort kor mykje gildt

De gildt aa ha ei festleg stund
Som kristnes skikk aa vis
Æra Gud med hjarta aa mund
Aa gjev han takk aa pris
Naar som syskjend med far aa mor
Me stend i ring aa rad
Aa kjære som paa Jesus trur
Aa du! Kor ein er glad.
Kor

Gjev os kjærleik o kjære Gud
Til deg aa til dit ord
Ditt det heilage størsta bod
I *himil* aa paa jord
So hev Gud elska sjølv seg gav
Til frelse, veit du meir
Han elska gjennom daud aa grav.
Han elska fram til seir.
Kor

Ver alle ver glad
Aa syng vor frelsar pris
Gleda i hjarta, skipa av Gud
Den jamnast i song bryt ut
I festlegt høve aa kvar ei stund
Ein hev daa *hjartetrong*.
Lova aa prisa vor Guds miskunn
I tru i elsk aa song.

Aa borneskaren rundt paa vor jord
Jublar aa syng um jol.
Jesu kjærleik *bryddar* aa gror
Vekst gjev Gud faders sol
Beggje dei kjære far aa mor
Stellar det vent til jol
Jesus vor frelsar ven aa bror
Set me paa høgsetestol
Kor

Den livets hugnad so me treng
Me faar i Jesu namn
Naar me uti hans fotfar gjeng
Aa kvilar i hans famn.
Søtt aa sælt er aa vera ven
Med sjølv Gud sin son
Arva med honom himelen
I levand tru aa von.
Kor

Hjarta er fullt av bøn aa song
Seg alltid um Jesus snur
Jesus han kjennar kvar sin trong
Veit kva i hjarta bur
Kjendar du nokon ven so snill
Nokon so meir hev kjær
Kjendar du nokon far so gild
So meira trufast er.
Kor